





Anna Olava

Jakke



- = Rett
- ◻ = LLS, løft, løft, strikk dei to vridd r saman
- ◻ = 2 rett saman
- = Kast
- = Vrang
- ⋈ = Løft 1 m av, 2 rett saman, løft den første over
- ◻ = Når du strikker rundt må du flytte MM og overlappe ein m frå forrige omg. Når du strikker flatt er denne kun 2 rett saman eller LLS.



Størrelse:	1 (2) 3 (4) 5 (6) 7
Overvidde:	73 (82) 91 (100) 110 (119) 128 cm
Garneksempel:	HS Angel og HS Silk Mohair
Garnmengde:	200 + 100 (300 + 150) 300 + 150 (300 + 150) 400 + 200 (400 + 200) 500 + 200 g
Pinne:	Pinne 3,5 og 4 mm eller den du må har for å få rett strikkefastheit
Strikkefastheit:	22/10

Denne jakka er strikka nedanfrå og opp med knappestolper utan knappar og ein smal sjalskrage. Den har forkorta rader i nakken, og forstykkja er lengre enn bakstykket slik at jakka heng fint over skuldrane. Mønsteret dreg seg veldig saman, så dersom du vil teste strikkefastheita, damp lett over mønsteret først.

Forkortingar:

MM	= maskemarkør	VM	= vendemaske
VR	= vrang	RS	= rettside
R	= rett	VS	= vrangside
BAO	= begynnelsen av omg.		

Bol :

Strikk fram og attende, forstykke og bakstykke i eitt opp til armhola. Dei første og siste 10 m skal vere kantmasker og skal strikkast i dobbeltstrikk heile vegen opp på forstykket. Det delast av ved armane og bakstykket og dei to forstykkja strikkast ferdig kvar for seg. Til slutt maskar du saman skuldrane, og sjalskragen maskast saman med ryggen.

Legg opp 161 **(181)** 201 **(221)** 241 **(261)** 281 m på pinne 3,5 med italiensk opplegg.

Strikk 1 omg. med 1 vr, 1 r. Dette er vranga.

Strikk vrangbord til arbeidet måler 5 cm.

Bytt til pinne 4. Dei 10 første og 10 siste m er kantmasker strikka i ribb 1 r, 1 vr. Start og slutt med 1 r på retta. På vranga løftast den første og siste m vr av med garnet framfor arbeidet. Imellom kantmaskane strikker du no Anna Olava mønsteret etter diagrammet på siste side.

Strik til arbeidet måler ca. 34 **(36)** 36 **(38)** 38 **(40)** 40 cm

PS! Du kan også strikke lang jakke. Om du strikker den 30 cm lengre når den til ca midt på låret. Prøv på! Då treng du eit ca. hespe til av kvar kvalitet. Om du velger lang jakke, kan det vere eit tips å gå opp ein str. om du har større «overvidde» over baken 😊

Forstykker:

No skal du dele av til forstykker og bakstykke. Desse vi bli strikka ferdig kvar for seg.

I tabellen under ser du kor mange mønsterrapporter det skal vere på kva del:
1 mønsterrapport er 10 m. På bakstykket legg du opp 1 ekstra maske for å få avslutte rapporten med 1 vr. Det er ikkje satt av masker til armhola.

- 1: 7 bak, 3,5 på kvar side, resten kantmasker
- 2: 8 bak, 4 på kvar side, resten kantmasker**
- 3: 9 bak , 4,5 på kvar side, resten kantmasker
- 4: 10 bak , 5 på kvar side, resten kantmasker**
- 5: 11 bak, 5,5 på kvar side, resten kantmasker
- 6: 12 bak , 6 på kvar side, resten kantmasker**
- 7: 13 bak , 6,5 på kvar side, resten kantmasker

La dei 3 m nærast arma vere strikka i glattstrikk, då har du litt stoff å plukke opp armane i, og du slepp å plukke opp i blondemønsteret.

Strikk begge forstykkja rett opp til dei måler ca. 26 **(27)** 27 **(28)** 28 **(30)** 30 cm. Sett maskane på vent på ein maskewire.

Bakstykket:

Husk å legge opp 1 ekstra maske før du starter. Som på forstykkja, la dei 3 m nærast arma vere strikka i glattstrikk, då har du litt stoff å plukke opp armane i, og du slepp å plukke opp i blondemønsteret.

Strikk til bakstykket måler 14 **(15)** 15 **(16)** 16 **(18)** 18 cm.

Sidan forstykket skal gå over skuldra og bak på ryggen, vil dette no gi ei armhole på 20 **(21)** 21 **(22)** 22 **(24)** 24 cm i høgda. Prøv på! Strikk evt. bakstykket og forstykker eit par cm til om du vil ha større armhol.

No skal du strikke forkorta rader på bakstykket for å gjere jakka høgare i nakken: Strikk til det står igjen 5 m, snu, lag VM, strikk til det står igjen 5 m, snu, lag VM.

Strikk til 5 m før forrige VM, snu, lag VM Gjenta *-* så mange ganger det går

Maske saman på skuldrane:

Sett maskane på forstykkja og bakstykkja på lange pinner. Begynn frå utsida (armehola) og sy innover. OBS! Hugs å maske saman begge løkkene samstundes ved GSR. Pass på å få møsterrapportane ovanfor kvarandre. Sy litt på kvar side, og når begge skuldrane nærmer seg midten og du har berre kantmaskane igjen, så maskar du saman kantmaskane mot kvarandre. Søk opp **Maske sammen ribbestrikk** på YouTube.



Ermer:

Strikk opp masker i armola. Strikk opp i 2 m, hopp over 1 m. Strikk ein omg. rett og fell ned til nærmaste heile tiar: = 80 **(90)** 90 **(90)** 90 **(100)** 100 m rundt armhola. Strikk mønster etter diagrammet til arma er 12 cm før ønska lengde. På mi jakke vart det 34 cm. (Str. 4)

Fell inn slik at du har 46 **(48)** 48 **(48)** 48 **(50)** 50 m på omg. Strikk vrangbord 1 r, 1 vr i 6 cm.

No skal du splitte vrangborda. Legg genseren flatt og finn ut ca kvar yttersida på ermet er, og splitt vrangborden der ved å felle 1 vrangmaske. Da vil omg. starte og slutte med 1 rett på retta. På vranga vil den første og siste masken vere vrang. Disse skal ikkje strikkast, men løftast av med garnet framfor arbeidet. Strikk 1 r og 1 vr i 6 cm til. Fell av med italiensk avfelling. Sy i pynteknapper om du vil.

Eg vil gjerne sjå ditt ferdige produkt på Instagram! Tagg med @hettestrikk og #annaolavajakke om du vil. Elisabeth

